

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Rita Ludvigsen	FE-205	22/997

Saknr	Utval	Type	Dato
108/2022	Formannskapet	PS	14.11.2022

Gebysatsar oppvekst 2023

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Saksopplysningar:

Bakgrunn/Fakta/Vurdering

I framlegg til nytt statsbudsjett for 2023 går det fram at ny makspris for barnehage er sett til kr. 3000,- Dette er utgangspunktet for vår reduksjon i prisen. Frå noverande kr.3050,-. Dette har verknad frå 01.04.23. Det er kjernetid for barn og familiar med låg inntekt, dette gjeld frå barnet er to år. Inntektsgrensa for gratis kjernetid i barnehage i dag er kr.598 825,-

For 2023 vil barn som bur i hushald med samla skattbar årsinntekt på Kr. 559 167,- ha rett til redusert foreldrebetaling i barnehage. Dersom maksprisen er meir enn 6 % av hushaldet si samla inntekt, skal det gjevast redusert pris.

Samordning med SFO og syskenmoderasjon skal gjelda. Ingen skal betala meir enn 6 % av samla inntekt i husstanden pr. barn.

Barnehageåret startar 15. august og sluttar 14. august. Sfo startar 15. august for 1. klasse og 1. august for 2-4. klasse.

Matpengar for barnehagen vert auka med 3,7 % frå 01.04.23 til kr. 328,-. Gebyr for for seint henta barn vert kr. 272,- pr. påbyrja halvtime.

SFO satsane vert auka med 3,7%. Syskenmoderasjon etter gjeldande reglar.

Gjeldande satsar SFO 5,9t pr veke Kr. 611,- Ny sats kr. 634,-

6-9,9t pr. veke Kr.1213,- Ny sats kr.1258,-

10-13,9t. pr. veke Kr. 1677,- Ny sats kr. 1739,-

14 timar eller meir Kr. 2436,- Ny sats kr. 2526,-

Fråtrekk for 12t. gratis SFO for 1.klasse vert kr.1440,-

Dersom ein nyttar ekstra timar i SFO, må desse timane fakturerast med timepris. Denne satsen vil erstatte satsar frå sak F- 071/2017 og K - 052/2017. som ikkje har vore indeksregulert sidan 2017, og som då var på kr.50,- og 75,- Ny timesats vert Kr. 100,- pr. time om ein har plass eller ikkje.

Matpengar i SFO var i same sak i 2017 sett til kr. 100,- den vert no auka til kr.150,-

Ingen husstander med barn i SFO1.-4. klasse skal betale meir enn 6% av inntekta si for SFO plass.

Elevar i 5.-7. klasse med særskilde behov skal ha tilbod om gratis SFO plass.

Satsane for foreldrebetaling i idrettskulen vert auka med 3,7% frå 01.08.23

Gjeldande sats er kr. 891,- Ny sats vert kr. 924,-

For kjøp av timar i Vaksenopplæringa for andre kommunar vert satsen kr. 100,- pr. undervisningstime i eksisterande grupper.

Konklusjon

Barnehagesatsen frå 01.04.23 vert Kr. 3000,- ein reduksjon på kr.50,-. Søskenmoderasjonen vert uendra for barnehage og SFO, men ingen husstandar skal betale meir enn 6 % av samla inntekt for ein barnehageplass eller Sfo plass 1.-4. klasse.

Sfo satsane vert auka med 3,7% til 634,-, 1258,-, 1739,- og 2526,- frå 01.04.23. Ekstratimar i SFO kr. 100,- pr. time. Matpengar i Sfo kr. 150,-

Satsen i idrettskulen vert auka med 3,7 % til kr.924,- frå 01.08.23. Kjøp av timar i vaksenopplæringa kr. 100,- pr. time i eksisterande klassar.

Formannskapet - 108/2022

FS - behandling:

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøstes (4 røyster) vedteke.

FS - vedtak:

Barnehagesatsen frå 01.04.23 vert kr.3000,-. Matpengar for barnehagen vert auka med 3,7 % frå 01.04.23 til Kr.328,-. Gebyr for for seint henta barn vert kr. 272,- pr. påbyrja halvtime. Gratis

barnehageplass for 3. barn om ein har 3 barn i barnehagen samtidig gjeldande frå nytt barnehageår Syskenmoderasjonen vert uendra, ingen husstandar skal betala meir enn 6% av samla inntekt for ein barnehageplass eller SFO plass 1-4.klasse. SFO satsane vert auka med 3,7% til kr.634,-, 1258,-, 1739,- og 2526,- frå 01.04.23. Elevar i 1.klasse har gratis 12 timar i SFO pr. veke. Ekstratimar i SFO kr. 100,- pr. time. Matpengar i SFO vert kr. 150,-. Satsen i Idrettskulen vert auka med 3,7% til 924,-. Kjøp av timar i eksisterande klassar i vaksenopplæringa vert fakturert med kr. 100,- pr. time.